

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 03.08.2016
Vår ref.: 201504522-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 07.07.2016
Dykkar ref.: 14/6423 - 16

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Nesfossen - Plan-id 1263-201508 - Lindås kommune

Vi syner til brev datert 07.07.2016. Saka gjeld offentlig ettersyn av reguleringsplan for Nesfossen. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utviding av akvakulturanlegget, med sjøvassbasert anlegg for smoltproduksjon med tilhøyrande naudsynte anlegg og infrastruktur.

NVE uttalar seg i denne saka berre til arealbruken. Dersom det anten no eller i framtida vert aktuelt med auka vassuttak frå Kjeggarvatnet, må dette handsamast særskilt etter vassressurslova.

Vi er nøgde med at alternativ 3, som inneber minst inngrep i og ved utlaupet av Nesfossen, vert lagt til grunn for utbygginga. Det er og positivt at Lindås kommune har sytt for å få vurdert naturverdiane i tjernet og utlaupsbekken nordvest i planområdet. Planen legg opp til at tjernet og bekken skal fyllast ut. Dersom reguleringsplanen vert vedteken slik den ligg føre ser ikkje NVE grunn til ytterlegare vurdering av inngrepa.

Med helsing

Siss-May Edvardsen
fung. regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland